

Referat frå styremøte i Sogn og Fjordane bridgekrins. Skei, 16.03.16

Til stades : Knut Skorpen, Åsbjørn Hegrenes, Kai Lille-Homb, Stig Olav Kleiven, Marius Fivelstad og Haldor Sunde (leiar i valkomiteen)

Sak 1 :

Godkjenning av innkalling og sakliste og referat frå førre styremøte. Ingen merknad.

Sak 2 :

Styret diskuterte endringar for neste sesong. Det vart vedteke at den årlege singelturneringa vert endra til 3 turneringar i staden for 1 som har vore gjort før. Desse vert arrangert som simultanturneringar.

Det vert lagt opp til at ungdomsskulen i Førde skal nyttast som spelelokale i større grad enn i dag, dette for å spare pengar og fordi dette har synt seg å vere eit bra lokale.

Sak 3 :

Styret la fram sine forslag til endringar til krinstinget.

- Gå frå 6 til 5 styremedelmar.
- Slå saman oppgåvene til skrivar og organisasjonsansvarleg.
- 1.vara som fast møtande.

Sak 4 :

Leiar i valkomiteen informerte om sitt arbeid med å få på plass kandidatar i dei ulike funksjonane.

S.O.Kleiven og Marius Fivelstad var dei einaste av dei frammøtte som sa seg viljuge til å ta attval.

Referent

Stig Olav Kleiven